# Bergensposten.

**NR.4** **desember 2014** **17. ÅRGANG**








STATSARKIVET I BERGEN

Bergensposten er en publikasjon som har vært utgitt av Statsarkivet i Bergen siden 1998. Dette er det 40. heftet i rekken.

Ansvarlig redaktør: Yngve Nedrebø
Ansvarlig for utforming: Tom Myrvold
Trykk: Statsarkivet i Bergen
Opplag: ca. 1000
Redaksjon avsluttet: Desember 2014

Forsiden: Julekort fra Anna Johnsens Brevkortalbum

Omslaget er satt sammen av illustrasjoner fra dette nummeret, og hovedmotivet er et gammelt julekort fra rundt 1910. Julekortet stammer fra et ”Brevkortalbum” som Bjørn Davidsen har deponert ved Statsarkivet i Bergen. Albumet tilhørte hans mormor Anna Johnsen (1878-1971).

ISSN 1501-4436

Bergensposten.

# Innhold


Fra redaktøren ........................................ 2

Minneord Ranveig Opheim ........................................ 3

Kenneth Bratland og Anita Riise:
Opprettinga av Sogn og Fjordane ........................................ 5

Knut Andersson Kjerland:
Bjørnedrap i Granvin hausten 1858 ........................................ 12

Renathe Wågenes og Gina Dahl:
På vei over Atlanteren med feil slekt i kofferten ........................................ 18

Renathe Wågenes:
Kirkebøkene forteller om vær ........................................ 22

Gina Dahl og Renathe Wågenes:
Det religiøse valg i 1814 ........................................ 25

Runar Jordåen og Kenneth Bratland.
Paktaropprøret i 1815 ........................................ 36

Arvid Skogseth:
Massi Kristiansdotter frå Kaland i Austrheim og etterslekta hennar i USA ......... 48

Renathe Wågenes:
Fru Thune på Strand og kobleri i gamle dager ........................................ 52

Bjørn Davidsen: Torvgadekager ........................................ 56

# Fra redaktøren:

Med dette serverer vi årets siste utgave av Bergensposten.

I år har mye i vår bransje handlet om 1814-jubileet, og det har også fått prege de tre forrige heftene av Bergensposten i år. Litt om 1814 kommer også her, men denne gangen er variasjonen stor, stoffet spenner fra kobleri til pakteopprør i kjølvannet av 1814 og den mannevonde «folkabjødnen", og tar også med litt om slektgranskingens mulige fallgruber, og anbefalte julekaker anno 1904.

Den foreliggende utgaven av Bergensposten er den 40-ende! Da vi startet med utgivelsene i 1998 så vi for oss at vi skulle forsøke å holde utgivelsene i live i 10 år. Det var ikke vanskelig å fortsette, og vi har allerede inne mye av stoffet til den 41. utgaven, så vi ser ikke noen grunn til å stanse rekken nå heller!

Vi sender våre lesere ønsker om en riktig God Jul, og et Godt Nytt År!

Yngve Nedrebø

†

# Minneord: Ranveig Opheim



*Johnny Wie og Ranveig Opheim  på julebordet på lesesalen.*

Ranveig Opheim døde 15. januar 2014, dagen etter at hun hadde passert sin 86-årsdag.

Ranveig var født på Klosteret på Nordnes 14. januar 1928 som datter av politikonstabel Sigurd Tønder-Lilleaas og hans kone Borgny, født Olsen. Faren døde allerede i august 1944. Da hadde familien nettopp opplevd eksplosjonsulykken i april 1944. Store deler av området rundt Vågen var blitt fullstendig ødelagt. Også huset som Ranveig og familien hennes bodde ble rammet, og de måtte flytte fra Fredriksbergsgate til Lille Øvregate.

Etter realskoleeksamen på U. Pihl. våren 1944 var hun klar for arbeidslivet. Fra september 1944 til april 1945 arbeidet hun som kontordame ved Noblikk -Sannem AS, og fra januar 1947 til desember 1951 var hun tilsatt som bankassistent i valutaavdelingen til Bergens Kreditbank. Der fikk hun attest for at hun var både energisk og interessert, og arbeidet hurtig og nøyaktig. Hun sa opp jobben i banken i desember 1951 fordi hun var blitt fru Opheim, og skulle bli husmor og mor.

Sommeren 1951 giftet hun seg med Martin Konrad Opheim (1923-1993). Mannen tok skipsførereksamen i 1951, og var fra 1957 til 1980 skipsfører i utenriksfart. Fraværene var da mange og lange, opptil to år. Da falt det et stort ansvar på den hjemmeværende, som måtte ta seg av både husbyggingsprosjekt og omsorgen for tre barn. I 1957 var huset på Markaneset ferdig, og familien flyttet til Fana på selve juleaften.

Etter mer enn 25 år som husmor var Ranveig klar for å gå tilbake til utearbeidslivet. Våren 1977 tok hun grunnkurs ved K. Nerheims handelsskole. Da det ble lyst ut midlertidig kontorassistentstilling (50%) ved Statsarkivet i Bergen i september 1977 søkte hun, og fra 3. oktober 1977 var hun tilsatt.

Den midlertidige stillingen ble etter hvert fast, og hun ble kontorfullmektig fra 1. juni 1980 og førstesekretær fra 1. august 1989. Hun hadde lesesalstjeneste, svarte på henvendelser, skrev avskrifter, og leste korrektur.

Fru Opheim var en svært hyggelig og omgjengelig kollega, som vi alltid vil huske for hennes brede smil, smittende latter og store humoristiske sans.

Fru Opheim valgte å pensjonere seg ved utgangen av juni 1995. Men hun holdt kontakten med Statsarkivet, og var tilbake igjen på jobb, på pensjonistvilkår, i november og desember 1996. Etter hvert som årene gikk ble helsen hennes dessverre dårligere, og kontakten ble langt mer sporadisk, men vi traff henne fra tid til annen.

Vi lyser fred over Ranveigs minne.

Yngve Nedrebø

*Kenneth Bratland og Anita Riise:*

# Opprettinga av Sogn og Fjordane

**I 2013 feira Sogn og Fjordane seg sjølv. Det var då 250 år sidan fylket vart oppretta. Men gjekk feiringa føre seg i rett år? Går ein til kjeldene finn ein fort ut at *Nordre Bergenhus amt,* som var det opprinnelege namnet på fylket, vart oppretta ved Kongeleg resolusjon 19. september 1763. Men kom ein i gong med å styre det nye amtet frå hausten 1763? Me skal sjå nærare på korleis opprettinga gjekk til og kva for ei rolle den første amtmannen Joachim de Knagenhjelm spela i dette.**

Bergenhus stiftamt var på 1600- og 1700-talet det området ein i dag kjenner som Hordaland og Sogn og Fjordane. Dette var eit stort geografisk distrikt som det ofte kunne vere utfordrande å halde kontroll med. Eit stiftamt var jamnstort med eit bispedøme og kunne romme eit eller fleire amt. Stiftamtmann og amtmenn var øvste sivile styresmakt og skulle i første rekke vere eit mellomledd mellom sentralstyret i København og lågare sivile embetsmenn, til dømes sorenskrivar og fut. I tillegg skulle amtmannen/stiftamtmannen ta hand om allmugen sine interesser, og hadde såleis eit stort administrativt ansvar.

I 1749 vart Ulrik Frederik de Cicignon (1698-1772) stiftamtmann i Bergen. Eit av dei områda han fekk ansvar for var Indre Sogn. Der budde slekta Knagenhjelm på Kaupanger hovudgard, deriblant Joachim de Knagenhjelm (1727-1796). Familien hadde budd på garden sidan faren, Hans de Knagenhjelm, overtok i 1723. Joachim de Knagenhjelm tok juridisk embetseksamen i 1757 i København, før han kort tid etter vart sekretær for ein kommisjon som skulle regulere grensene mot Sverige. Kring 1760 vart han fullmektig hjå stiftamtmann Cicignon i Bergen.

Joachim de Knagenhjelm hadde eit sterkt ynskje om å stige i gradene, og det gjekk ikkje lenge før han byrja å arbeide med planar om å verte amtmann. Planen hans gjekk ut på å dele stiftamtmannsembetet i Bergenhus i to. På den måten kunne han sjølv overta amtmannspliktene, medan Cicignon skulle halda fram med å ta hand om dei sakene som vedkom stiftet, det vil seie bispedømet. I 1762 fekk han stiftamtmannen til å støtte planen og søknad vart sendt til København. I søknaden ba Knagenhjelm om at «*Eders Kongelige Majestet vilde allernaadigst forunde mig det Bergenhusiske Amt*». I så fall ville han busette seg i Kaupanger for å vere nærare bygdetinga og allmugen. Etter mykje brevveksling med Rentekammeret i København, vart Knagenhjelm utolmodig.



*Joachim de Knagenhjelm (1727-1796) var son av Hans Knagenhjelm som budde på Kaupanger hovudgard frå 1723. Farfaren til Joachim var lagmann i Bergen, Niels Tygesen Knag, som seinare vart adla til Knagenhjelm. Det var Joachim som tok initiativ til å få oppretta Nordre Bergenhus amt i 1763. Måleri ved Kaupanger hovudgard. Foto: Hans Eyvind Næss.*

## Embetet vert delt

Årsaka til at Cicignon støtta planen til Knagenhjelm, var at sistnemnde skulle styre amtet utan løn så lenge Cicignon levde. I juni 1763 skreiv Knagenhjelm eit nytt brev der han la fram eit anna forslag:

*«at ieg til Amtmand og over det halve Bergenhusiske Amt maatte blive beskikket, og den anden halve, eller øvrige Deel, henlagt under Stiftbefalingsmandens Decition»*

Framlegget om å dela Bergenhus stiftamt i to vart lettare akseptert hjå dei sentrale styresmaktene enn det første forslaget, og denne gongen vart det godtatt. Knagenhjelm fekk riktignok ikkje løn så lenge Cicignon var i live. Men når han vart borte, skulle det forhandlast fram ei rimeleg løn. Dette var nødvendigvis ikkje noko dårleg avtale ettersom embetsmenn vanlegvis fekk inntektar i form av sportler og avgifter av ulike slag.

Den 19. september 1763 vart såleis Nordre Bergenhus amt oppretta, med futedøma og sorenskriveria Indre Sogn, Ytre Sogn, Sunnfjord og Nordfjord. Joachim de Knagenhjelm vart den første amtmannen i Nordre Bergenhus. Men kor lang tid gjekk det før Knagenhjelm byrja gjerninga si? I praksis kan ein hevde at embetsgjerninga ikkje kom i gong før i januar 1764. Den 2. januar 1764 sende den nye amtmannen eit skriv frå Kaupanger til futen Hans Leganger i Sogn, og dette er den første innførsla i kopiboka og den første stadfestinga på at Knagenhjelm verkeleg busette seg i Kaupanger. Også dei fleste andre innførslane i det eldre arkivmaterialet til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane tek til i byrjinga av 1764. Men nokre unntak finst. Knagenhjelm må hausten 1763 ha vore i København. Den første innførsla i erklæringsboka for Nordre Bergenhus, i saka om Torstein Kattevoll sin søknad om å drive gjestgjevarstad i Sogndalsfjøra, er nemlig datert København 10. oktober 1763. Då veit me altså at Knagenhjelm utførte gjerninga si som amtmann for Nordre Bergenhus frå København. Den neste saka er datert Kaupanger 9. januar 1764. I denne saka møter me det fattige paret Ole Knutson og Kirsti Gunnarsdtr. frå Lærdal prestegjeld. Dei hadde tidlegare begått leiermål med kvarandre, men søkte no om å få gifta seg.

Om poenget med 250-årsjubileet var å feire resolusjonen til etableringa av Nordre Bergenhus amt i september 1763, gjekk nok feiringa føre seg i rett år, men om poenget med feiringa var å synleggjere etableringa av amtmannsembetet i Kaupanger i Sogn og Fjordane kunne jubileet og ha vore feira i januar 2014. Uansett veit me no at Knagenhjelm ikkje kan ha busett seg på Kaupanger før i november eller desember 1763, og at embetsgjerninga hans ikkje kom skikkeleg i gong før i januar 1764. Men då han først var på plass i embetet som amtmann, engasjerte han seg på mange plan.

## Ei dødsdømt enkje

Ofte var det alvorlege hendingar og vanskelege personhistorier som låg bak amtmannens inngripen. Ei av dei første sakene Knagenhjelm måtte ta hand om var ei sak der enkja Ingeborg Larsdotter Ylmeim hadde fått barn saman med brorsonen til sin avlidne ektemann. Dette vart den gongen rekna som blodskam. Dette gjekk ikkje upåakta hen og då svangerskapet vart synleg tok øvrigheita affære. Den 6. juni 1764 sende amtmann Knagenhjelm brev til futen Leganger, sorenskrivar Fasting, prokurator Randulf og prokurator Urdahl om Ingeborg og hennar graviditet. Det vart då bestemt at saka skulle opp for ein ekstrarett, som vart halde i Sogndalsfjøra 5. juli 1764. I retten kom det fram at Ingeborg hadde fem ektefødde born. Ho hadde trudd at ho kunne gifta seg på nytt med barnefaren. Ingeborg visste ikkje at ho kunne risikere dødsstraff. Den 25. juli fall domen; Ingeborg vart dømt til døden. Ho skulle miste hovudet med sverd og gravleggjast utan seremoni. Det gjekk ikkje lenge før ein søknad om benådning vart sendt. Allereie 7. september vart den innvilga, og i stedet vart Ingeborg innsatt «*til Arbeide i Bergen Tugthuus hendes Livstiid*».

Sonen Jens vart døypt 1. oktober 1764 i Sogndal. Kyrkjeboka opplyser at foreldra var enkja Ingeborg Larsdotter Ylmeim og ungkar Jens Hansson Ylmeim. Etter at sonen Jens kom til verda hausten 1764 vart mora sett inn på Bergen Tukthus. I mars 1766 veit me at Ingeborg var heime i Sogndal. Ho hadde då hatt ein lengre permisjon, og tukthuset etterlyste henne. Det var då planlagt at Ingeborg skulle førast tilbake til Bergen ved første høve, men då dei skulle hente henne heime på Ylmeim var ho sengeliggjande. Dette var nok fingert, for då lensmannen same kvelden hadde eit anna ærend innom garden «*forefandt [han] hende frisk og siddende ved en Rok at spinde*». Ingeborg må ha vorte sett fri frå tukthuset ettersom me veit at ho døydde heime på Ylmeim i 1789. Kjeldene seier dog ikkje noko om kor lenge ho satt i tukthuset. Denne saka illustrerar godt amtmannen si rolle, til dømes då Ingeborg skulle førast attende frå Sogndal til tukthuset. Nedanfor følgjer brevet som Knagenhjelm skreiv i dette høvet.

I brevet som Knagenhjelm sjølv har

*Deres Exellence*
*Høy- og Velbaarne*
*Herr Geheims Raad og Stiftsbefa-lingsmand*
*Høytbydende Naadige Herre!*
*I følge Deres Excellences Befaling under sidstleden 7de Januarii har jeg 2de gange foranstaltet, at lade den efter allernaadigst Rescript til Tugthuuset paa Livs Tiid hendømte men paa nogen Tiid hiem forlovede Enke Qvinde Ingebor Larsdatter Ølmem igien til Tugthuuset indbringe, neml: først ved den Lejlighed, som herfra til Bergen indbragte Tyvs-Delinqventen Anders Larsen Staaen, efter at hun derom og til fastsat Tiid forud blev advaret at holde sig ferdig, men da jeg befalede Lensmanden at paasee hun med bemeldte Leilighed blev afsendt, befandtes hun sengeliggende, som dog var fingeret, ved det at Lensmanden samme Aftenen, efter at denne Leilighed var passeret, med sig tagende en anden Mand, igien hos*





*hende indfandt sig, og forefandt hende frisk og siddende ved en Rok at Spinde - Derefter tilsagde jeg hendes Broder Johannes Øhre, som siden var hos mig og sagde at ville reise til Bergen, at han endelig skulde tage hende med sig, hvis man icke skulle blive nødsaget til, paa hans egen Bekostning, som havde udvirket hende Tilladelse at reise hiem, at lade hende indbringe, hvilket han lovede, men som nu ved hans Tilbagekomst fornemmes ej er bleven efterkommet; Om han ved sin Nærværelse i Bergen har talt noget herom med Deres Excellence eller udvirket videre Prolongation til hendes længere hiemmeblivelse, veed jeg icke, hvis icke, dersom ingen anden Leilighed imidlertid skulle gives at faae hende indsendt, synes mig at bemeldte hendes Broder Johannes Øhre, som har erhværvet hende Permission at reise hiem, bør paa egen Bekostning lade hende igien til Bergen indføre, og i fald hun dertil ej mindelig bliver at beqvemme, som paatvivles, da hos ham at lade udpante saameget som til hendes Indbringelses Bekostning udfordres, hvorom jeg underdanigst vil ervarte Deres Excellences nærmere Ordre. Forblivende med største Soumission*

*Deres Exellence*
*Høy- og Velbaarne*
*Herr Geheims Raad og Stiftsbefalingsmand*
*Høytbydende Naadige Herres*
*Underdanigste Tiener*
*J de Knagenhielm*

*Kopanger Gaard*
*d. 25de Martii 1766*



*Biletetekst 2: Teikning av Kaupanger hovudgard frå byrjinga av 1700-talet. Den same teikninga finst og på Kaupanger hovudgard. Foto: Christen Knagenhjelm.*

signert 25. mars 1766 går det fram at det var kostnader knytta til transporten av Ingeborg attende til Bergen. Det virkar ikkje som om Knagenhjelm ville ta på seg denne kostnaden sjølv. I staden for ønskjer han at broren til Ingeborg, Johannes Øyre, betalte dette av eiga lomme. Korleis ho til slutt vart frakta tilbake til Bergen veit me ikkje. Uansett er dette eit særs interessant brev som viser korleis korrespondansen gjekk føre seg på midten av 1700-talet. Men Knagenhjelm hadde også andre oppgåver og ei av dei var å ta vare på arkiv.

## Knagenhjelm og Nordre Bergenhus amt

For å kunne utføre alle oppgåvene sine i Nordre Bergenhus var Knagenhjelm avhengig av det tidlegare skapte arkivmaterialet, som han henta hjå stiftamtmann Cicignon i Bergen. Knagenhjelm kvitterte for dette materiale 15. mars 1764. I oversynet over arkivsakene finn me blant anna tingbøker og skifteprotokollar for dei ulike sorenskriveria i åra mellom 1641 og 1752. Mesteparten av dette arkivmaterialet finn me i dag på Statsarkivet i Bergen, men einskilde protokollar har vorte borte sidan den tid.

Andre utfordrande saker for Knagenhjelm var mellom anna inndrivinga av ekstraskatten frå 1762. Bøndene i områda rundt Bergen vart så tynga av denne skatten at det våren 1765 kom til eit opprør, eit åtak som seinare vart kalla Strilekrigen. Også i Nordre Bergenhus vart det krevjande å få inn ekstraskatten. Fleire av sunnfjordingane let vere å betale, og det var og vanskar med å krevja inn denne skatten i Indre Sogn. I slektsboka for familien Knagenhjelm vert det hevda at Joachim bytte embete til amtmann til Nordland på grunn av kritikk han fekk i samband med ekstraskatten. Dette treng ikkje nødvendigvis å vere heile sanninga. Ekstraskatten vart nemleg gradvis redusert utover i 1760-åra, og vart avskaffa i 1772. Uansett vart Joachim Knagenhjelm peikt ut som ny amtmann til Nordland i 1771. Han tok då sete i Bodø, der han døydde i 1796. Ettermannen til Knagenhjelm i Nordre Bergenhus, Magnus Theiste (1725-1791), flytta administrasjonen til Bergen. Ein av amtmennene som styrte frå Bergen var «Grunnlovas Far» Christian Magnus Falsen (1782-1830). Han hadde embetet frå 1814 til 1822. Men det skulle gå nærare 70 år før amtmann og administrasjon igjen tok bustad i Nordre Bergenhus amt, nærare bestemt i 1840 då amtmann Christian Ulrik Kastrup (1784-1850) busette seg på Lærdalsøyri etter først å ha styrt embetet frå Bergen i sju år.

## Kjelder i Statsarkivet i Bergen:

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane I. Arkivlister registre 1-15 Al 1 (1764–1754)

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane I.Aa. Kollegiale kopibøker 1 (1764−1770)

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane I.A.d1: Erklæringsbok 1763−1771

Sorenskrivaren i Indre Sogn, skifteprotokoll nr. 10 (1786-1794)

Stiftamtmannen i Bergen, kopibok for landet (1760−1766) nr. 85

Stiftamtmannen i Bergen, kopibok for landet (1760−1766), løpenr. 85

Stiftamtmannen i Bergen, brev frå Nordre Bergenhus Amt (1764-1770), løpenr. 647

## Litteratur:

Engesæter, Aage og Johs. B. Thue: *Sogn og Fjordane fylkeskommune gjennom 150 år*, Oslo 1988

Imsen, Steinar og Harald Winge: Norsk historisk leksikon, kultur og samfunn ca. 1500-ca. 1800. 2 utgave. Cappelen Akademisk Forlag, Oslo 1999

Næss, Hans Eyvind: *Fiat justitia! Lagmennene i Norge 1607−1797*. Riksarkivarens skriftserie 42, 2014

Rasch A. W. og Ole Henrik Moe: Slekten Knagenhjelm og Kaupanger. Det Mallingske boktrykkeri, Oslo 1960

## *Knut Andersson Kjerland:*

# Bjørnedrap i Granvin hausten 1858

**Grenda Haugs-gardane i Granvin var i tidlegare tider plaga med bjørn i skogane rundt seg. Me er då attende til 1800- talet og tidlegare. Omkring 1850 var det spesielt ein bjørn som skaffa folk og fe mykje bry og frykt i Granvin/Ulvik- traktene. Her kjem historia om ei særs dramatisk hending om då Hans Andersson Haugse vart angrepen av «Folkabjødnen», som han etterkvart vart kalla.**

Haugse er ein av gardane i grenda som til dagleg vert kalla Haugs-gardane, og ligg omlag 250 meter over havet på austsida av Granvinvatnet. Haugs-gardane er også ei rik kulturgrend med frodige gardar, mykje skog og storslått utsikt over øvre del av Granvin-bygda.



*Her ser me Hans A. Haugse (f. 1932) med beinet av eine foten til «Folkabjødnen» som Hans Andersson Haugse vart offer for i 1858, tippoldefar til nåverande Hans A. Haugse.*
*Foto Knut A. Kjerland*

Ein oktobersundag, (truleg den 10.) i 1858 ville Hans Andersson Haugse (1796-1858), saman med sviger-dottera Guro ta seg ein tur å plukka neter. Hasselen bugna av fine og velfylte neter denne hausten. Det var helst sundagen som vart nytta til ein tur i skogen. I kvardagen på denne tida var det så mykje anna å gjera. Hausting både frå åker og eng, og ikkje minst når slaktetida stod på, med alt som høyrde til då.

Omlag 800 meter ovanfor heimegarden ligg det ein plass som den dag i dag vert kalla «Bjødnabakken». Lia




*Her syner staden der «Folkabjødnen» la den drepne sauen (rett bak steinen), og deretter gjekk til åtak på Hans Andersson Haugse. Traktene her er fint turterreng. Karane som har teke turen denne dagen er frå venstre: Olav S. Haugse, (tippoldebarn etter Hans som vart drepen av bjørn), Olav Tveito og Harald Tveito frå nabogrenda Tveito.*

*Foto Knut A. Kjerland*

her skrånar bratt nedetter mot dalbotnen, med bratte fjellknausar og berghyller tett i tett. Men øvst i bakkane grodde det grønt og frodig gras til sauene. Og i den sørvendte og solrike bakkehellinga lika hasselen seg og.

Det var her opp Hans og Guro var komne då dei brått og uventa skulle verta utsette for ei tragisk hending. Dei frykta kanskje ikkje bjørnen så nær heimemarka på denne tid, og meinte å vera trygge der dei gjekk. Men slik gjekk det ikkje.

## Eit brøl

Best det var høyrde dei eit frykteleg brøl og buring rett bortanfor seg. Det gjekk kaldt nedover ryggen på dei, då dei skjøna at bjørnen var på ferde. Hans hadde gått eit stykke i førevegen og vart teken av bjørnen straks dei såg kvarandre. Bjørnen hadde då nett drepe ein sau som låg attmed ein stor stein i bakkehellinga, og var svært agressiv. Det stod enno ein eim opp frå sauen der bjørnen hadde flekt skinnet av skrotten.

Hans hadde visseleg fått eit kraftig slag over brystet av bjørnelabben og kasta



*Hans var saman med svigerdottera Guro Samsonsdtr. Haugse (1833-1917) då han vart angrepen av bjørn i 1858. På bilete ser me Guro saman med ektemaken Anders Hansson Haugse (1833-1914). Foto utlånt av Sverre Lillegraven. Tatt ca. 1865. Fotograf ukjent*




*Klokkarboka syner at Hans Andersson Haugse (nr. 9) døydde måndag 11. oktober 1858, 66 år gamal. Han vart gravlagd 18. oktober same år. Klokkaren oppgjer dødsårsaka slik: «Blev sønderreven af en Bjørn».*
*Kjelde: Klokkarbok for Granvin i Ulvik nr. B1 (1855-1863), folio 102-103*

opp i lufta fleire gonger. Han hadde likevel greidd å halda seg ved sans og samling, krøkt seg saman og spela død. Men han var så sundbiten, oppriven og ille tilreidd at det stod om livet. Medan Hans låg slik, såg bjørnen sitt snitt til å gå eit stykke bortanfor, der han tok til å grava ei grop i bakken til den nye fangsten sin. Bjørnen ville vel først ta fatt på den nydrepne sauen og så koma attende til Hans.

## Ei gravid kone

Hans greidde draga seg nedetter bakkehellinga eit stykke og ropa på hjelp det han greidde. Men det var vel tvilsamt om dei heime kunne høyra dette, svak som han var.

Stakkars Guro, som på denne tid gjekk gravid i 7. månad, visste ikkje si arme råd. Men likevel tok ho på veg heimetter til Haugse det snøggaste ho kunne for å henta hjelp.

Skrekkslagne tok karane på garden avstad for å hjelpa stakkars Hans, som låg sterkt forkomen attmed ei berghylle. Han vart straks etter teken hand om, og dei som kom til bar han heim med seg i ein kvitle/ullteppe.

Det høyrer med til forteljinga, at Guro i den tilstand ho var i, snubla i nokon steinar, datt og gjorde skade på armen sin, slik at ho gjekk med skeiv arm all sin dag. Ho vart merka av møtet med bjørnen livet ut.

I den tid var det ikkje snarleg lækjarhjelp å få eller sjukehus å søkja



*Ministerialboka (kyrkjeboka for presten) syner også at Hans Andersson Haugse (nr. 41) døydde måndag 11. oktober og gravlagd 18. oktober 1858. Kyrkjeboka syner at Hans vart «Dræbt af bjørn». Kjelde: Ministerialbok for Ulvik nr. A13 (1853-1863), folio 205-206*

til, så gardsfolket laut etter beste evne prøva lindra smertene og stella om Hans så godt dei kunne. Oppklora og sundriven som han var av bjørneklørne, var nok blodtapet deretter. Og truleg hadde dei harde slaga han hadde fått gjort indre skadar også.

Livet til Hans stod ikkje til å redda. Kor lenge han låg hardt såra, kan ingen med full visse stadfesta idag. Folkeminnesamlaren og forfattaren Th. S. Haukenæs (1840-1922) skriv ein stad, at Hans døydde straks etter overfallet. (Haukenæs var 18 år ved denne hendinga.) Andre kjelder har nemnt at Hans låg nokre dagar før livet var slutt. I kyrkjeboka er dødsdagen i alle høve oppførd til 11. oktober 1858, som var måndagen.

## «Folkabjødnen»

Det er vel ingen i dag som kan setja seg inn i redsla og pinsla denne tragedien utgjorde for både Hans og Guro. Hendinga skaka opp heile grenda, bygda og vidare med. Det vart samtaleemne i lange tider. Den dag i dag står hendinga denne oktobersundagen i 1858 som eit dystert minne, og om kor plagsomt det var for folk og dyr å leva saman med denne drapsmaskinen som «Folkabjødnen» i Granvin var.

Ei utsegn Hans skulle ha sagt etter overfallet var: «Hadde eg no endao hatt amerika-økse med meg so trur eg at eg skulde ha greitt meg.»

Etter denne hendinga gjekk mann av huse for å prøva ta knekken på «Folkabjødnen». Det vart både jakta og lagt ut sjølvskot på strategiske plassar.

Gjerne med eit dyrekadaver eller kjøtrestar som «agn». Men om ladningen vart utløyst, greidde bjørnen seg, sjølv om det ved eitt høve viste blodspor.

Nett denne bjørnen hadde utvikla seg til å verta både slu og utspekulert, så det var ikkje lett å få has på dyret. Det er sagt at «Folkabjødnen» skulle vera ei stor og gamal binne med gråstenk i pelsen.

Om våren 1859 vart bjørnen funnen død i nærområdet til Tveitastølane. «Folkabjødnen» hadde gått i eit sjølvskot plassert oppe i «Troppefjell», - i fjellheimen eit par timars gange søraust for Haugse-gardane. Bjørnen hadde løyst ut sjølvskotet, og hadde enda sine dagar i «Lurvelia», i nærleiken til Tveitastølane. (Stølsgrenda tilhøyrande gardane på Tveito. Tveito ligg ein liten times gange frå Haugse.) Og dei fleste var ikkje i tvil om at det var «Folkabjødnen» som hadde enda sine dagar her.

Sjølv om det framleis vandra streifdyr av bjørn i fjella på den tid, var eit mareritt over no når «Folkabjødnen» var teken.

I dag kan me vandra fritt omkring i den vakre naturen vår, utan frykt og redsel for å møta ein brølande bjørn. Det er likevel god grunn til å minnast kva vilkår dei levde under dei som budde i traktene der bjørnen herja som verst for 150 år sidan. Det er tilstandar som ingen av oss ønskjer seg attende til.

Hans Andersson Haugse, også underteikna sin tippoldefar, har fått eit tragisk minne knytt til namnet sitt. Det er ikkje fritt for at me den dag i dag, får sterke kjensler når me tenkjer på kva påkjenning Hans og huslyden hans vart utsette for denne oktobersundagen i 1858.

## Kjelder:


Natur, folkeliv og folketro i Hardanger 1.-3.del, 1884/85 av Th. S. Haukenæs

Ættarbok for Granvin av Henrik Meyer Kvalem. Utgjeve av Granvin herad. 1975.

Ministerialbok for Ulvik nr. A13 (1853 -1863)

Klokkarbok for Granvin i Ulvik nr. B1 (1855-1863)

## *Renathe Wågenes og Gina Dahl:*

# På vei over Atlanteren med feil slekt i kofferten

På Statsarkivet i Bergen får vi innimellom besøk av amerikanere som ønsker å finne sin norske slekt. Disse har ofte en eller flere norske beste- eller oldeforeldre som utvandret for å søke lykken over Atlanteren. Det er ikke alltid like lett å finne riktig informasjon om disse utvandrede forfedrene, og noen ganger kan det gå riktig så galt. Det er dette denne lille artikkelen skal ta for seg.

### Kan Jesimie virkelig stemme?

En vakker sommerdag troppet etterkommeren etter emigranten Nels Nelson opp på Statsarkivet for å finne sine forfedre i Norge. Han forteller oss det han vet om slekten, nemlig at Nels egentlig het Nils Kallestad, men at han valgte å kalle seg Nels Nelson da han kom til Amerika. Nels bosatte seg i Iowa, og fikk datteren Nora Johanna, vår besøkendes bestemor. Et søk på Ancestry kan bekrefte at dette stemmer: Nora ble gift i Iowa i 1928, og på vielsespapirene står det oppført at faren het Nels Nelson. Moren står oppført som Jesimie Kallesta.

Videre forteller vår besøkende på Statsarkivet oss at moren til Nora visstnok også skal være fra Norge, og at Jesimie og Nels dessuten ble gift i Norge. Jesimie skal ha vært gravid da hun reiste til USA, og hun skal også ha hatt en fem år gammel sønn med seg på overfarten. Med henne var også mannen Nels, som ifølge historiene måtte reise hjem for å hente sin kone over da hun hadde nektet å reise uten ham. Den fem år gamle sønnen døde visstnok under overfarten. Av yrke før han emigrerte skal Nels ha vært sjømann og seilt på «de syv hav».

Vi blir sittende å lure litt på dette navnet Jesimie. Dette er da ikke noe vanlig norsk navn, tro om det kan stemme? Vår amerikaner ringer hjem til en onkel, og diskusjonen går frem og tilbake om hvorvidt noen kan huske hva Noras mor egentlig het. Hanna, får vi etter hvert vite. Problemet er bare at vi ikke klarer å finne noen Nils eller Hanna gift, verken i Norge eller i USA.

### Nils på Øya

Vi får oppgitt enda et spor vi kan følge. Nels skal være fra Kallestad «island", og på kartet peker de ut vest for Bergen. Vi sjekker emigranter fra Bergen. Joda her har vi Nils Johannesen Kallestad fra Fjell som emigrerer til USA som 16 åring i 1876. Han reiser sammen med sin bror Ole og moren Martha. Ifølge vår lesesalsgjest skal Nelson bare ha vært et navn oldefaren tok da han kom til

USA. Det er altså ikke usannsynlig at Nels Nelson kan ha hett Nils Johannesen. Vi stusset likevel over at Nels valgte Nelson og ikke Johnson, hvis dette nå var vår gjests rette oldefar.

Vi sjekker så bygdeboken for Fjell, og finner frem til vår lesesalsgjests familie på Sotra. Et par ting uroer oss litt. Hvorfor har Nils vendt tilbake til Norge for å finne seg en brud når han ikke hadde foreldre og søsken tilbake i gamlelandet? Kan historien om overfarten være feil? Er Nora sine foreldre likevel gift i USA? Dog vet vi fra erfaring at når historier er overleverte muntlig kan de inneholde både feil og mangler. Noe trekkes fra, og litt legges til. Vår lesesalsgjest stiller seg dessuten litt undrende til historien om at Nels skal ha hatt en bror Ole som også reiste til USA- dette er nytt for ham. Men, han er oppspilt over ideen om at der kan finnes «distant relatives» i USA. Vi konkluderer imidlertid med at Nils på Sotra er vår rette mann: Gårdsnavnet stemmer, og Nils har den riktige alderen. En lykkelig Amerikaner forlater den stengte lesesalen.

## En nagende tvil

Imidlertid sitter to lesesalsvakter litt betenkte tilbake. Vi føler at det er noe som ikke stemmer. Vi klarer ikke å bekrefte forbindelsen mellom Nels Nelson og kona Hanna, samt linken til Nils Johannesen Kallestad på Sotra.

Den gnagende usikkerheten gjør at vi vender tilbake til dataskjermen, nettsiden «Ancestry» og digitalarkivet. Hvor er trådene vi har oversett? Vi går tilbake til Nora Johanne Nelson sin vielse og sjekker originalen. Nå ser vi at Jesimie er en skrivefeil for Jennie. Vi jakter derfor videre på Nels og Jennie Nelson i USA, og får treff i folketellingen for Iowa i 1900. Her ser vi at Nora er eldst i en søskenflokk på fem. Faren hennes oppgis å være Nels Nelson født i Norge i 1866. Han skal ha emigrert både i 1884 og 1886. Folketellingen oppgir også at Jennie er født i Norge i 1861, og at hun emigrerte i 1890. Vielsen skal ha funnet sted i 1885. Endelig litt god og håndfast informasjon!

Det endelige gjennombruddet kommer da vi finner familien i folketellingen fra 1925. Familien bor fortsatt i Belmond, Wright, i Iowa. Men, Nels står nå oppført som født i 1856, og det opplyses også at hans foreldre er Johana og Nels. Jennies foreldre oppgis å være Johana Arson og Johan Kalstae.

Det gjøres et søk i emigrantlistene etter personer med navnet Kallestad og alle mulige skrivemåter av dette gårdsnavnet. Og, til slutt finner vi noe.


*Johansine og sønnen Johannes emigrerer fra Kvinnherad til USA i 1891.*



*Husnes kirke som familien brukte. Foto: Hans Ordin Østebø*

I listene dukker det plutselig opp en Johansine Johannesdatter Kallestad, 36 år og født i Kvinnherad, som emigrerte i 1891 med sin 4 år gamle sønn Johannes. Det er kanskje ikke så rart at familien kalte bestemoren for «Hanna"! Johansines mann sies dessuten å være bosatt i USA. Han fulgte altså ikke med sin kone på overfarten, slik vår besøkende hadde hørt. Vi får også bekreftet i listene at Nels var sjømann og at han hadde seilt flere år i utenriksfart.

## Kaldestad nummer 2

I bygdeboken for Kvinnherad står det meste vi trenger å vite under gården Kaldestad, og et oppslag i kirkebøkene for Husnes gjør at de aller siste bitene faller på plass. Både Johansine og Nils Nilsen kom fra Kaldestad i Kvinnherad. Da er det kanskje ikke så rart at Nils kalte seg Nels Nelson da han kom til USA. Nils Nilsens far var Nils Åsmundsen og moren het Johanne Johnsdatter, noe som også stemmer med det folketellingen i USA opplyste. Johansine sine foreldre var Johannes Haktorsen og Johanna Arnesdatter, noe som også stemmer overens med folketellingen fra Iowa i 1925.

Om Nils dog var sjømann, så reiste han ikke helt «the seven seas.» I sjømannsprotokollen finner vi at han var sjømann i perioden 1880 til 1885. For det meste var han på båter som gikk i Europa, men i 1885 reiste han til Amerika. Kanskje det var da drømmen om Amerika ble skapt. Vi får også vite at han avmønstret den 1. desember 1885 i Grimstad, og at han deretter reiste rett hjem til Kaldestad for å gifte seg med Johansine Johannesdatter. De giftet seg den 27. desember samme år.

Vi får også vite at vår tidligere



*Niels Nielsen Kaldestad var sjømann og ble nok på den måten kjent med USA*

lesesalsgjest fortsatt kan ha ukjente slektninger i USA, om ikke gjennom denne Ole som vi først lanserte som slektning. Johansine sin bror Haktor hadde en sønn Torkjel som emigrerte i 1902, og også Johansines søster Johanne hadde to barn som emigrerte, henholdsvis i 1882 (vestkysten) og i 1889 (Seattle). Dermed ser det ut til at Nora hadde tre fettere og kusiner i USA. Også Nils Nilsen hadde en bror Jon Nilsen som emigrerte i 1887, hvilket vil si at Nora også hadde en onkel «over there».

## En lykkelig slutt

Med alle disse nyhetene i hendene har vi bare et problem, nemlig at vår lesesalsgjest nå befinner seg over Atlanteren på vei hjem til USA med feil familie i kofferten. Heller ikke har vi kontaktinformasjon. Men, heldigvis har han skrevet seg inn i gjesteboken med fornavn, mellomnavn og etternavn, og vi kaster oss derfor over Google i håp om at noe skal dukke opp. Vi får treff hos en bedrift i Arizona, noe vi stusser litt over da vi fikk for oss at familien bodde i Iowa. Men lykken står oss bi: Det ligger bilde ute på nettet, noe som bekrefter at vi endelig har funnet vår lesesalsgjest.

Det sendes hurtig en mail over havet. Vi beklager at vi har gitt feile familieopplysninger, men at hans rette familie nå er funnet og at han skal få oversendt all informasjon. Pr mail mottar han skannede sider fra bygdeboken med bilde av tippoldemoren Johanna Arnesdatter samt Johansine sine søsken og fetteren Johannes Haktorsen med familie. Han får dessuten informasjon om Nils Nilsen sitt liv som sjømann. Bilder av gravene til Johansine og Nels som ble funnet på «Find a grave", får han også. Vi kan konstatere at det er flere personer både i Kvinnherad og i USA som nå har fått nye slektninger. Til lykke alle sammen!




*Johansine sin gravstein i USA*

## *Renathe Wågenes:*
# Kirkebøkene forteller om vær



*Briggen «Den forønskede Fred» forliste i 1802 utenfor Bjørnør. (Kilde: Wikimedia Commons, Sverresborg Trøndelag Folkemuseum, Digitalt museum)*

Det er mangt og meget som kan leses i kirkebøkene utover de vanlige registreringene av dåp, vielser og dødsfall. Noen prester fører for eksempel inn merknader om sykdom, mens andre omtaler sedelighet i forbindelse med uekte fødsler.

Mange av prestene omtaler dessuten været. Mange steder rundt om i Norge har det vært mye vær, og vi ser at noen ganger utgår gudstjenester på grunn av ekstremværet. Noen ganger kan vi dog mistenke prestene for at de «skapte» litt ekstra dårlig vær, for å unngå å ta reisen ut på den nakne ø for å holde en gudstjeneste.

I Bjørnør prestegjeld i Sør-Trøndelag er det mye vær og dårlig vær. Mange ganger er faktisk presten en av de få fremmøtte til gudstjenesten, og noen ganger kan det gå flere måneder før den planlagte gudstjeneste kan avholdes. Det blåser og regner… mye!

Sogneprest Elias Heltberg i Bjørnør skriver en hel del om værforholdene i kirkeboken sin, og han ser i det store og hele ut til å ha vært svært værinteressert. Vi får blant annet vite at da Heltberg blir «betænkelig angrebet af en hidsig Feber» i mars og april 1802, måtte alle gudstjenestene utgå. Men, hell i uhell kan man vel si, så ville likevel de planlagte gudstjenester vært

avlyst, da «Vinterens Haardhed i disse 6 Uger havde giort Tienesten umulig ved nogen av Kirkerne om Præsten ellers havde været frisk.»

**Ola Mathiasson Tarlebø** er identisk med Ola Nikolai Mathiassen Tarlebø f. 1771 på Tarlebø i Årstad d. 1837 på Tarlebø. Foreldra var gardbrukar Mathias Olsson og kona Malene Nilsdtr. Tarlebø i Årstad. Både Mathias og Malene var av jølsterslekt. Ola var bror til paktar Nils Mathiasson Ny-Krohnborg

**Ola Jakobson Paradis** f. 1746 på Voss d. 1823 på Paradis. Foreldra var gardbrukar Jakob Knutson og kona Ingeborg Olsdtr. Trefall på Voss. Ola var far til paktar Jakob Olsson Fantoft

**Gjert Hansson Gamlehaugen** er identisk med Gjert Hansson Neset eller Fimland f. ca. 1773 i Førde. Han vart konfirmert i Naustdal sokn i Førde i 1790 (dåpslister manglar)

**Johannes Gjertson Stykket under Natland** er identisk med Johannes Gjertson Hjellbrekke f. 1782 i Jølster d. 1850 på Kråkenes i Fana. Foreldra var paktar Gjert Johannessen og Kari Eliasdtr. Hjellbrekke i Jølster, seinare Hop i Fana og Unneland i Arna

**Jakob Olsson Fantoft** er identisk med Jakob Olsson Paradis f. 1770 på Voss d. 1819 på Fantoft. Foreldra var husmann og paktar Ola Jakobson og kona Anna Ingebrigtsdtr. Trefall på Voss, seinare Paradis under Storetveit i Fana. Jakob var sønn av paktar Ola Jakobson Paradis

**Elling Hansson Fantoftmyren** er identisk med Elling Hansson Sletten eller Mellingen f. 1779 i Lindås (Radøy) d. 1836 i Loddefjord. Foreldra var gardbrukar Hans Hansson og kona Borni Ellingsdtr. Mellingen på Radøy, seinare husmannsfolk under Sanden i Øygarden

**Gitle Knutson Slettebakken** er identisk med Gitle Knutson Store Grovu f. 1775 på Voss. Foreldra var gardbrukar Knut Knutson og kona Maria Gitlesdtr. Store Grovu på Voss

**Jon Amundson Laksevåg** er identisk med Jon Amundson Laksevåg f. 1770 på Nygård på Laksevåg d. 1824. Foreldra var paktar Amund Jonson og kona Malene Nilsdtr. Laksevåg

**Rasmus Knutson Bøgenfryd** er identisk med Rasmus Johannes Knutson Damsgård f. 1787 på Laksevåg. Foreldra var paktar Knut Johannesson og kona Berte Mathiasdtr. i Jølster, seinare Damsgård på Laksevåg.

**Lars Mikkelson Hop** er identisk med

Lars Mikkelson Bratland f. 1781 i Fana d. 1868 i Fana. Foreldra var gardbrukar Mikkel Arnesen og kona Anna Johannesdtr. Øvre Bratland

**Johannes Hansson Natlandsmyr** er identisk med Johannes Hansson Liland f. 1777 i Fana d. 1818 på Natlandsmyr i Fana. Foreldra var gardbrukar Hans Johannesson og kona Marta Nilsdtr. Liland i Fana. Både Hans og kona Marta var frå Fusa og kom flyttande til Fana i 1764.

**Ola Henrikson Natland** er identisk med Ola Henrikson Søvik f. 1788 i Fana. Foreldra var gardbrukar Henrik OIsson og kona Malena Rasmusdtr. Søvik i Fana.

**Johannes Erikson Fantoft** er identisk med Johannes Erikson Ulsmåg f. 1781 i Fana d. 1857 på Fantoftmyren. Foreldra var gardbrukar Erik Larsson og kona Anna Nilsdtr. Ulsmåg i Fana

**David Johannesson Laksevåg** er identisk med David Johannesson Herheim f. 1756 på Voss d. 1819 på Laksevåg. Foreldra var gardbrukar Johannes Kolbeinson og kona Marta Vikingsdtr. Herheim på Voss

**Per Knutson Litlebergen** er identisk med Per Knutson Mo f. 1786 i Hosanger (Modalen) d. 1874 i Eksingedalen. Foreldra var gardbrukar Knut Pederson og kona Brita Hansdtr. Mo i Modalen

**Anders Andersson Litlebergen** er identisk med Anders Andersson Grøsvik f. 1781 i Haus d. 1816 på Sundet (Litlebergen) i Meland. Foreldra var gardbrukar Anders Nilsson og kona Brita Nilsdtr. Grøsvik i Vaksdal.

**Johannes Olsson Holen** er identisk med Johannes Olsson Holen f. 1774 på Laksevåg d. 1844 på Oldernes. Foreldra var paktar Ola Olsson og kona Marta Sakariasdtr. Holen på Laksevåg. Begge foreldra var fødde i Jølster.

**John Iverson Hop** er identisk med John Iverson Eide f. 1777 i Haus d. 1857 på Indre Hope i Fana. Foreldra var gardbrukar Iver Larsson og kona Gunnhild Jakobsdtr. Eide i Vaksdal.

**Johannes Helgeson Bakken** er identisk med Johannes Helgeson Hekland f. 1777 i Haus d. 1832 på Storetveit i Fana. Foreldra var gardbrukar Helge Larsson og kona Inga Olsdtr. Hekland på Osterøy.

**Jon Jonson Grønnestølen** er identisk med Jon Jonson Koldal f. 1767 i Os (Fusa) d. 1823 på Grønnestølen i Fana. Foreldra var husmann Jon Vigleikson og kona Malene Larsdtr. Koldal i Fusa

**Nils Iverson Lungegården** er identisk med Nils Iverson Rødland f. 1768 i Haus (Arna) d. etter 1823. Foreldra var gardbrukar Iver Olsson og kona Marta Monsdtr. Rødland i Arna, seinare Fløen i Årstad. Nils var bror til paktar Mons Iverson Lindenberg

**Mons Iverson Lindenberg** er identisk med Mons Iverson Rødland f. 1755 i Haus (Arna) d. 1836 i Bergen. Foreldra var gardbrukar Iver Olsson og kona Marta Monsdtr. Rødland i Arna, seinare Fløen i Årstad. Mons var bror

til paktar Nils Iverson Lungegården

**Lars Knutson Solheimslien** er identisk med Lars Knutson Langedal f. 1775 i Hosanger (Modalen) d. etter 1822. Foreldra var gardbrukar Knut Olsson og kona Marta Olsdtr. Langedal i Modalen

**Sjur Sjurson Tonningneset** under Kronstad er identisk med Sjur Sjurson Trengereid f. 1762 i Os d. 1835 på Kjøkkelvik på Laksevåg. Foreldra var gardbrukar Sjur Andersson og kona Anna Knutsdtr. Trengereid i Samnanger, seinare Koldal i Fusa

**Hans Andreasson Solheim**

**Anders Larsson Slettebakken**

## Avskrift

Dei følgjande dokumenta er henta frå Riksarkivet: Privatarkiv 14, Wilhelm Frimann Koren Christie: L 0005: E4 Kommisjoner og ubesvarte brev.

[Til Christian Magnus Falsen:]

Odelsrettens varme uforfærdede Talsmand, vil sikkerlig undskylde den Frihed med hvilke nogle af Norges fribaarne men fortrængte Bønder nærme sig til ham i et høyst vigtigtigt!! Anliggende; vi fremsende herved en Ansøgning til Mayestæden, der indeholder en Billig Anke over Godseiernes haarde Forpagtnings Fordringer, hvorved vi som Pagtere med vore ulykkelige Familier Aar til andet, udsues og forarmes; Ansøgninger hvis Indhold er ligesaa sandt, som beskedent, bede vi ydmygest Deres Høyvelbaarenhed, ville besørge indleveret paa behørigt Sted; og haabe vi saa vidt som denne vor Fortrolighed er grundet i sand Høyagtelse og Kjærlighed til dem, at de og gunstigst tilgiver vor Frihed og opfylder vort inderligste Ønske, i en for os Betydeligen Velfærdssag, vore og vores uskyldige Børns Velsignelser vorde Deres Løn.

Bergen den 29de August 1815.
Underdangist
Paa vores og de øvriges Vegne
Ole Olsen Gyldenpris
med paaholden Pen
Rognald Johanesen Isdahlen
Med paaholden Pen
Arne Torgielsen Lægden

Niels Mathiasen Nye Krohnborg

Høyvelbaarne
Herr Amtmand Falsen
Amtmand over Nordre Bergenhuus Amt
Vend om

Disse Documenter tager jeg mig herved den Frihed at remittere søndre Bergehuus Amt, hvorunder Supplicanterne høre.

Chr: d. 5te Septbr 1815 Chr. M. Falsen

I følge ensteemmig biereing af samtlige Pagterer have vi undertegnede indfundet os hos det Høyestift den 8te Augusti 1815 for der og da at af Hendte en Klage, og ansøgning Til Kongen, Men blev da svaret af det høye Stift at Indbemeldte Klage var enda ikke færdig, men som Han troer til saa skal den blive færdig til Løverdagen den 12te i s: m:

Og den 17de Augusti 1815 da indfandt vi undertegnede Os atter igjen, Efter samtlige pagtere sin biering, hos det Høyestift, for da at afhente indbemeldte Klage som Os ogsaa da blev tilbuden paa følgende Maade. Klagen der Efter Hvad Os er bevist har i en Rom tid gaaet om blant Gods Eierne; deres indvending Her i mod, er ifølge stiftes tilstaaelse Til Lige med bemeldte Klage og stiftes paa Tegning Indbefattet under



Døde Mandkjøn.

| No. | Dødsdagen. | Begravelses-Dagen. | Den Dødes For- og Til-Navn. | Stand, Haandtering og Opholdssted. | Alder. |
|---|---|---|---|---|---|
| 1 | 1816 d. 18 Januarij | d. 23 Januarij | Nils [illegible]sen | [illegible] paa [illegible] | 90 Aar |
| 2 | 1816 d. 26 Januarij | d. 28 Januarij | Nils Gullachsen | [illegible] paa Gaarden [illegible] | 39 Aar |
| 3 | 1816 d. 28 Januarij | d. 2 Febr: | Anders Andersen | [illegible] paa Gaarden Lille Bergen | 34 Aar |

*Bondepaktaren Anders Andersson døydde på garden Litle Bergen i Meland 28. januar 1816, 34 år gamal.*
*Kilde: Kyrkjebok Hamre A10 (1816-1826 fol.94b. Statsarkivet i Bergen.*

samme seigl.

Dags dato Indfandt vi os atter igjen paa vedkommendes veigne Underdanigest bedende det Høye stift selv vilde Aabne sit seigl, med dette os nok bemeldte Klage med paa Tegningen; samt til Holde Gods Eierne selv at besørge deres Besvarelse afsendt, men samme er af stiftet negtet.

Dette Kand bevidnes af os som ere Eedsvorne stevne Vidner i Schiolds Skibrede.

Tarlebøe og Lunggaarden, den 29de Augusti 1815

Ole Mathiesen Niels Iversen.

Bergen 29 Aug 1815

Pagterne fra forskjellige Sogner omkring ved Bergen ansøger Underdanigst, at faae vore forpagtede Gaarde paa Bopel for Levetid og Børn Eftter Os!

Det høye Stadsraads 4de Departement!

Til Kongen!

I det sikre Haab at vor aller naadigste Mayestæt, der saa veldelig freder om Norges Held og Hæder, og saa faderligen vil hielpe hver ham bekjendte lidende og fortrængte Norges Søn; vover undertegnede i dybeste Ærefrygt, at nærme sig Deres Kongelige Høihed med et høyst vigtigt Anliggende.

Savnet af den fribaarne Bondes Lykke, der nyder Frugten af den Jord han dyrker, føle vi ihøieste Grad, og skiøndt vante til Flid og Virksomhed ved brave Forældres Side, kan vi som duelige og stræbsome Jordbrugere, dog ikke vinde det nødtørftige Brød for vor voxende og trængende Famelie. Vi ere af Dom=Kirkens, Aarstad, Strudshavns Bierchelands Fanøes og Hougs Sogner, alle nær omkring ved Bergen, hvor flere Hundrede Gaarde eies af Embedsmænd og Borgere i Byen af hvilke vi med mange flere have under Contract pagtet adskillige større og mindre Jordebrug, men da disse Forpagtningscontracter, Aar til andet forhøies og formindskes ved ubillige Vilkaar,

nedtrykkes vi i Armod og Tvungen til at underskrive et hvert haart Paalæg, see vi os indtil Taarer sat i den sørgelige Nødvendighed enten at indvilge Eiernes strænge Paabud, heller til paafølgende Fardag at reje fra den Ager og Eng, paa hvis Forædling vi have lagt vor Mandoms Kraft, og hvis Jordmon vi ligesom have Bedugget med vores Sved. For den Flid vi have anvent til Jorden Forbedring, bliver almindelig en større Afgift efter Godseiernes uindskrænkede Vilie, vores sørgelige Belønning, hvorved alt Mod og Lyst tabes og en skjult Kummer ved Synet af uforsørget Kone og Børn nage os og fortære vor Kraft; saaledes have vore Gods eiere deels til de mellem deres Formænd og os, deels mellem de nu værende Godseiere og os oprettet Contracter lagt nye trykkende Forpligtelser, der i de høist besværlige Aar ere blevne og fremdeles vil blive for os ødeleggende, da vi til den paabudne Pengesumma forvanlet deels til Rigbankpenge!! Navneværdie, deels til Rigsbankpenge Sølvværdie, maae afgive aarlig af Jorden Grøde, deels Byg, Havre, Potates, Høe nye melket Melk, deels levende Slagtenød og Smaler, foruden andre Forpligtelser, Hovriearbeide, derved Lystgaarde og Udhuuses Oprettelse, har været de Paagieldene høyst besværligt da kjøre Redskaberne til megen Bekostning er bleven forslidte, og megen Tid fra egen Drif og nødvendig Hvile er bleven nogle berøvet, der langt overgaar hvad Contracterne tilfalder de Vedkommende. Vi vove ikke at trætte Deres Kongelige Høyhed med Specielle Optegnelser over de flere haarde Aftvingelser, men bede Underdanigst den Retfærdsfulde, og Landfaderlige Regiæring, naadigst vilde indkalde, saavel de gamle Mænds og Enker med deres Faderløse Børn, der nu Huusvilde vanke om med dræbende Nærings-Sorger, deres tilintetgiorte Contracter som og de nu gieldende med Qvitterings Bøger til grandskende Eftersyn, thi da haabe vi at Godseierne maatte Forpligtes til at tilbagebetale, det overhørige af hvad de i den Henseende allernaadigst udgangne Anordninger paabyder, ja der findes virkelig endog de af godseierne der fradrager det ene stykke Mark efter det andet og tilsætter flere Pagtere uden at den der har benevnte stykke Mark under Contract, nyder minste Godtgiørelse i dere aarlige Afgifter; hvortil kommer en frygtelig Begivenhed, at Horne Qvæget paa disse Steder, men meest i Aarstad Sogn, pludselig nedstyrter død baade i Stalden og paa Marken til forskiellige Tider, af en endnu ubekjendt og uforklaret Sygdom hvilket Tilfælde, har berøvet mange i blandt os mere end dobbelte af Besættningen der tilhører Godseieren for hvilke vi heller ingen godtgiørelse faar af dem, men ved Leverancen tilbage levere det fulde Tal skiønt der skal gives en Kongelig Forordrning efter hvilken Bonden formedelst disse Tilfældige Vandheld blev fritagne for Skat, som dog sildigere igien er paabuden, disse og flere ubehagelige Omstændigheder nøder os at Bruge en Frihed, som vi haabe Norges udkaarne Konge naadigst vil udskylde. Vi sukke under et haart Aag kun Deres Mayestæts Kraftige Haand kan afvelte Det vor Fyrste vil høre vore og vores Umyndiges Billige Klager, og hans Faderkjærlighed lindre vor Kummer. Thi er vor Allerunderdanigste Bøn og Begiæring, at vi som Pagtere, der have med duelige Jordmænds Flid og Kraft dyrket og Forbedret, de til os forpagtede Gaarde, maatte ved en naadigst Forordning sikkres mod Eiernes Vilkaarlige strænge aarlige Paabud, ved at nyde en byxle Ret, paa billige Vilkaar vor hele Levetid og vore Børn efter os, naar vi hellers intet forbryder mod hvad ret og lovligt er; uden saadan almindelig Lov, vil mange Lemmer af den norske Bondestand fortrænges og

undertrykkes da ikke faa af Byens Indvaanere opkjøbe Gaarde, lade dem ved Tjenere bestyre, eller og paalægge den til Livsophold trængende Bonde de haardeste Betingelser. Saaledes vil mange Bonde Famelier, som have Kraf Mod og Vilie til at virke og gavne, blive forvanlet til Betlerskarer, og de Børn som skulle opdrages til Norges Held, Hæder og Styrke vandsmægte ved Siden af deres modløse Forældre, medenst deres rige Gods eiere leve i Overflodighed.

Thi raaber det hele fortrængte Folk til vor allernaadigste Arve Herre og Konge, af et beklemt Bryst Herre hjelp os!

Bergen den 21ste August 1815
Underdanigst
Paa vores og de øvriges Vegne
Mons Iversen Lindenberg

Med paaholden Pen
Johanes Hellgesen Bachen
Med Paa Holden pen
Ole Jacobsen Paradis
Hans Andriasen Solem
Med Paa Holdenpen
John Iversen Hop
Giert Hansen Gamle Houen
Med paa holdenpen
John Johnsen Grønstolen
Med Paa Holdenpen
Johanes Giertsen Støcket under Natland
Med Paa Holdenpen
Jacob Olsen Fantoft
Elling Hansen Fantoftmyren
Med Paa Holdenpen
Gietle Knudsen Slettebachen
Per Knudtsen Litle Berens
Med paa haalden p:
Ole Olesen Gyldenpris
Med paa holden pen
Jon Amundsen Laxevog
Rasmus Knudsen Bøgenfryd
Med paa holden pen
Niels Mathisen Nye Krohnborg
Lars Michelsen Hop
Med Paa Holdenpen
Johanes Hansen Natlansmyren
Med Paa Holdenpen
Ole Henrichsen Natland
Med Paa Holdenpen
Johannes Erichsen Fantoft
Anders Larsen Sletebachen
Med Paa Holdenpen
Anders Andersen Litle Berens
Med Paa Holdenpen
Siur Siursen Kronstadt
Med Paahaalden pen
Johanes Olsen Haalle
David Johanes. Laxsewaag
Arne Torgieldsen Lægden
Lars Knudsten Lien
Med paa haalden pen
Raanald Johanesen Isdalen
Med Paa Holden pen
Nota En ligelydende Ansøgning og Klage er under 26de May indlevert til Stiftet til samme behaglig Erklæring, men som samme ikke har været at erholde tilbage uden paa de Grunde som hosfølgende Stevnevidners attest af Dags Datum udviser.
Bergen ut supra
Vedgaaes af Ovenstaaende

## *Arvid Skogseth:*

# Massi Kristiansdotter frå Kaland i Austrheim og etterslekta hennar i USA.

Massi Kristiansdotter vart fødd på Kaland og døypt i Austrheim kyrkje 10. juni 1749. Faren var Kristian Nilson, som var fødd om lag 1691 i Monslaupen i Austrheim (han var 10 år gl. i manntalet 1701) og som døydde på Kaland i 1752. Kristians far Nils Kristianson var oppsitjar i Monslaupen og var fødd der rund 1656 (alder 10 år i manntalet 1666). Kona heitte truleg Siri, ho stod fadder nokre gonger. Kristian Asbjørnson f. 1596 (70 år gl. i 1666) var far til Nils og òg oppsitjar i Monslaupen. Kona heitte Kari ifølgje koppskatten 1645. Det eldste slektsleddet ein veit namnet på er Kristians far Asbjørn, som var brukar i Monslaupen i 1603. Han var altså tippoldefaren til Massi. Mor hennar var Ingeborg Mathiasdotter, som vart fødd på Syslok i Lindås og døypt i Lindås kyrkje 15. november 1709, og som døydde på Kaland i 1757. I 1718 flytta familien til Ingeborg til Holmås i Lindås. Faren var Mathias Amundson, som døydde der i 1750, 74 år gamal, og som dermed var fødd om lag 1676. Mora var truleg Magdeli, som òg stod fadder. Ho var ikkje nemnd ved dåpen til Ingeborg, det var vanleg på den tida at berre faren vart skriven i kyrkjeboka.

Massi hadde seks heilsøsken og ni halvsøsken (same far), av desse nådde sju vaksen alder (irekna henne sjølv). I tillegg til Massi var det berre halvbroren Rasmus Kristianson, som budde i Øksneset i Austrheim, som hadde livsarvingar (dvs. born som overlevde dei). Det neste me får vita om Massi er når skiftet etter mora vart halde i 1757. Ho var 8 år gamal, og formyndaren var mannen Mons Olsen til Helga Mathiasdotter, mostra hennar, som hadde teke henne til oppfostring. Dei budde i byen (Bergen). Massi si halvsøster Siri døydde i 1760, og på skiftet etter henne same året arva Massi 4 mark, ikkje den store summen. Men denne arven gjer at me får vita litt meir om henne seinare. Ho fekk ei ny verje ved Anders Jonson Konglevoll i Lindås, og på skiftet etter han i 1794 vart det opplyst at Massi for meir enn 30 år sidan var reist frå bygda utan at nokon visste kor ho budde. Ho hadde altså mist kontakten med familien etter at ho flytta til Bergen som jentunge. Men kvar vart det av henne?

Det viser seg at ho var hamna i Jelsa i noverande Suldal kommune i Rogaland. Ho er oppført her i folketeljinga 1801 saman med ektemann nummer to og deira dotter: «Bergeland, Niels Rasmussen, Mand, 77, Huusmand med jord, Massi Christiansdtr, Hans kone, 52, Begge i 2det ægteskab, Hans Nielsen, Deres børn, 30, Ugift, Vanfør, Christian Nielsen, Deres børn, 19, Ugift, Vanfør, Barbro Nielsdtr, Deres børn, 11». Ho gifte seg første gongen i 1776 med enkjemannen Jens Hanson f. om



*Widerøe-flyfoto av Kaland i Austrheim frå 1961. Utlån Austrheim kommune.*

lag 1728 d. 1788 (60 år gl.), og dei var plassfolk på Kuneset under garden Røykjeneset. Massi gifte seg andre gongen i 1789 med enkjemannen Nils Rasmusson f. om lag 1722 Nordnes i Jelsa d. 1801 (den første kona hans var Barbro Pålsdotter d. 1784, 61 år gl.). Dei budde i Kuneset ei tid, flytta seinare til Sponevika under Barkeland (Bergeland), der dei som nemnt var i 1801, og der han døydde seinare same året. Massi flytta seinare tilbake til Kuneset og døydde i 1835.

Massi hadde altså dottera Barbro Nilsdotter i det andre ekteskapet. På skiftet etter den første mannen Jens i 1788 er det nemnt fire born: Marta (23 år), Hans (myndig), Kristian (6 år) og Ingeborg (2 år). Massi er mor til dei to siste, som er oppkalla etter foreldra hennar. Hans og Kristian (begge vanføre) budde saman med Massi og Nils i den ovannemnde teljinga i 1801, men er førte med feil farsnamn, Nilson i staden for Jenson.

Me skal følgja den vidare lagnaden til yngstebarnet Barbro Nilsdotter f. 1790 i Kuneset. Ho gifte seg i Jelsa i 1816 med Kjell Jenson f. 1793 frå Stavanger, dei budde først i Rongarvika under Barkeland. I 1821 flytta dei frå Jelsa og busette seg på Nådå i Finnøy, Rogaland, der ho døydde i 1847 og han i 1869. Dei var husmannsfolk der, dessutan var han bøkkar.

Dei fekk desse åtte borna: 1. Ingeborg Marie f. 1816 g. 1852 m. Torkel Ådneson, bustad Finnøy. 2. Tor f. 1819. 3. Anna Marie f. 1821 d. 1823. 4. Anna f. 1823 g. 1847 m. Henrik Henrikson, bustad Finnøy. 5. Barbro f. 1826, utvandra frå Stavanger til Amerika i 1854. Ho var då nygift med Osmund




*Dobbeltbryllaup 4. juli 1893 i La Crosse i Wisconsin. Til venstre Clara Johanna Johnson og Evert Keifer, og til høgre John Paul Johnson og Betsey Erickson. Clara og John var søskenborn. Forlovarane sit i midten, Elias og Ellen Erickson, bror og søster til Betsey.*

Jonson f. 1827 Tveit, Årdal i Hjelmeland d. 1906, og dei budde først i Rock County i nærleiken av Beloit i Wisconsin. Ho døydde i 1908 i Peterson, Fillmore County i Minnesota. Dei fekk borna John f. 1855 d. 1946, Betsy f. 1858 d. 1897, Wilhelmine f. 1859 d. 1881, Christina f. 1861 d. 1952, Osmund f. 1866 d. 1870 og Clara Johanna f. 1868 d. 1893. 6. Kirsti (Kristi) f. 1829. 7. Nils f. 1832, reiste til USA i 1858. 8. Torine f. 1835, utvandra til USA i 1859.

Det er barn nr. 6 Kirsti (f. 1829) me skal følgje vidare. I 1855 fekk ho ei dotter utan å vera gift, kalla Berta Kristine. Faren var ukonfirmert ungkar Jon Olson, også bustad Nådå, sagt vera frå Årdal sokn, dvs. i Hjelmeland i Rogaland. Våren 1857 utvandra Kirsti saman med dottera til Amerika, båten gjekk frå Stavanger og truleg til Quebec i Canada. Det var eit langt steg å ta for ei ugift mor med eit lite barn. Det ho eigde hadde ho venteleg med seg i ei reisekiste. Men kanskje var dét at ho hadde «kome i ulykka», hovudgrunnen til at ho valde å reisa. Då kunne ho starta eit nytt liv «over there». Ein annan grunn til avreisa var at ho hadde søstera Barbro der, slik at Kirsti hadde nokon å reisa til. I Rock County budde det mange norske emigrantar, og høgst truleg budde ho først hos søstera der. I mai 1858 fekk Kirsti enno eit barn som ugift, kalla John Johnson. Dåpen hans er ikkje funnen i kyrkjebøkene. Sjølv gav John seinare opp John Johnson som faren, men uvisst kven det i så fall var.

Seinare i 1858 flytta søstera Barbro og mannen til Holt, også i Fillmore, og Kirsti og borna vart truleg med dei dit. Her trefte ho han som skulle verta ektemannen hennar.

Paul (Pål) Reierson vart fødd i 1802 på Ramberg i Dagali, då i Uvdal, no i Hol i Buskerud. Han vart gift der første gong i 1829 med Guro Halvorsdotter Nørstebø frå Uvdal. Dei budde på ulike gardar i Uvdal. Han kom som enkjemann til USA, også våren 1857, saman med de to yngste borna sine, Helga (f. 1844) og Hans (f. 1848). Han kan ha besøkt den eldre sonen Halvor i Wisconsin, og kanskje treft Kirsti for første gong der.

Det er ikkje funne kvar Kirsti og Paul

gifte seg. Det første sporet i kyrkjebøkene er då dei fekk sonen Kristian i juli 1860, døypt i Elstad kyrkjelyd i Fillmore. Der vart òg neste barn Paulina døypt i 1862. Begge døydde truleg tidleg, for i 1864 vart dottera Paulina Christina fødd, oppkalla etter dei to døde søskena.

I folketeljinga 1865 for Holt i Fillmore budde Paul og Kirsti, kalla Reierson, saman med borna Berta (Betsy), John, Paulina og Halvor. Kirstis søster Barbro med mannen Osmund budde òg i Holt då. Paul og Kirsti fekk så dottera Gurine (Turi) i 1866. I 1867 kjøpte dei ein farm i Winnebago i Iowa av Pauls son Halvor. Her i fekk dei sonen Christian i 1868, fødd i Forest City. I teljinga 1870 for Forest City er familien, då kalla Ryerson, lista opp slik: Paul 66 år, Christy 41 år, Betsy (Berta) 15 år, John 12 år, Paulina 6 år, Turi 4 år og Christian 2 år. Yngstebarnet Rebecca Helene kom til i 1871. Ikkje lenge etter, venteleg i 1872, døydde Kirsti brått, truleg av hjerteattakk. Gravfestinga er ikkje funnen i kyrkjeboka, heller ikkje gravminne.

Paul klarte ikkje å sitja med farmen og alle dei mindreårige borna, og tidleg i 1873 selde han farmen tilbake til sonen Halvor. Borna vart sette bort til oppfostring. Sonen Christian kom til mostra Barbro. Paul flytta til dottera (av første ekteskap) Guri og mannen Lars Hanson Staaland i Norway i Fillmore. Seinare budde han hos sonen Halvor i Bager i Iowa, og døydde der i 1890.

Den vidare kjende etterslekta går gjennom fire av borna: 1. John Paul Johnson f. 1858 d. 1936, tok mellomnamnet Paul då han gifte seg som honnør til stefaren, g. 1893 m. Betsey Erickson f. 1858 Holt i Fillmore d. 1933 (dotter av emigrantar frå Rogaland), bustad Fillmore. 2. Paulina Christina Paulson f. 1864 d. 1945 g. 1884 m. norske Andrew Larson f. 1859 d. 1940, bustad Minot i Ward County, Nord-Dakota. 3. Christian Paulson f. 1868 d. 1931 g. 1896 m. Petrine Ragnilde Nykreim f. 1875 Stanton i Minnesota d. 1969, bustad Minnesota, seinare Los Angeles, California. 4. Rebecca Helene Paulson f. 1871 d. 1932 g. 1888 m. Gustav Andrew Peterson f. 1868 Leland i Iowa d. 1938, bustad Ward i Nord-Dakota, ho døydde i Minneapolis, Minnesota.

Slik fekk Massi Kristiansdotter, som reiste frå Kaland som ungjente, ei stor etterslekt i USA. Fire av borna til dottera Barbro utvandra til USA mellom 1854 og 1859, og dei er dei første som stammar frå Austrheim som ein veit emigrerte. Dei første kjende utvandrarane som var fødde i Austrheim, reiste i 1864 og 1867.

## Kjelder:


Kyrkjebøker for Lindås,for Jelsa og Finnøy

Austrheim i fortid og notid, bind 1 og 4 (2000, 2006). Arvid Skogseth

Finnøy I. Gard og ætt (1993). Halvard Bjørkvik

Jelsa I, Gards- og ættesoga (1967). Ola Foldøy

Jelsa I, Gardar og folk (2010). Ernst Berge Drange

Informasjon frå Devin Flato og Rae Malneritch, USA (etterkommarar til Kirsti Kjellsdotter)

## *Renathe Wågenes:*

# Fru Thune på Strand og kobleri i gamle dager

I forbindelse med prosjektet Det Norske Folk 1814, transkriberes det ved de forskjellige statsarkivene kirkebøker for å kartlegge befolkningen i perioden 1801-1814. Innimellom alle disse navn og årstall avdekkes det av og til kuriositeter, som fru Thune som driver med kobleri på gården Strand. Strand er en gård i Bjørnør prestegjeld i Sør-Trøndelag. Dette ligger i dag i Roan kommune. I det følgende skal jeg presentere det vi kan lese om denne lite likte gesjeften i kirkebøkene:

I Bjørnør kirkebok for året 1804 kan vi lese:

> *1ste Søndag efter Trinitatis den 3die Juni Osen kirke*
>
> *«Hvad et almindeligt Rygte i Bøygden siger om det kobleria, som Frue Thune paa Strand tillader hendes Tienestefolk, det synes Ministerialbogen i de 2de sidste Aar at kunne bekræfte.»*

Man kan vel si at presten ikke virker helt fornøyd med de forhold som råder på gården Strand. Han mener at det fødes for mange barn utenfor ekteskap her. Ved gjennomgang av kirkeboken, finner vi at det i løpet av de siste 15 månedene har blitt født fire barn utenfor ekteskap knyttet til gården, nemlig:

1803 27. mars Ole, uægte. Ukonfirmerede Daniel Larsen Strand og Pigen Hendricha Olsd. Strand.

1803 27. mars Elisabeth Maria uægte. Drengen Svend Jonsen Strand, pigen Mette Jensd. Sørgierd.

1804 22. april. Peder uægte. Ingebrigt Amundsen Sørmelan, Martha Pedersd. Strand.

1804 3. juni Ole uægte, Engel Gunnersen Strand, pigen Karen Olsd. Strand.

Foreldrene til disse barna født utenfor ekteskap, er ikke bosatt her i 1801, dvs. at de alle må være flyttet hittil som tjenestefolk etter februar 1801.

Fru Thune selv finner vi bosatt på gården Strand i 1801-tellingen. Her leser vi: «Ane Dorthea Thune, 45 år, Enke etter 1. ekteskap etter Avg. Leutenant Thunes.» Ane Dorthea lever av sin gård, og hun bor sammen med sin søster Ana Fridrica Paasche, som er 40 år og vanfør. Resten av husholdningen består av tjenestefolk og to barn som de har til oppfostring.

Hvem var så fru Thune, som presten så tydelig var irritert på? Hun var født ca 1756 i Åfjord av foreldrene Dragonløytnant og godseier Johan Fredrik Paasche (f.ca. 1716 Skien, død 1786



*Prestens innførsel i kirkeboken om Fru Thunes koblerier*

Bjørnør) og hans hustru Anne Mari Feldtschow (f.ca. 1717 Leksvik og død 1811 Bjørnør). Av søsken kjenner vi til syv, nemlig Olava Marie f. ca 1748 i Børsa, Jens Christian f. 1748 i Børsa, Ellert Friderich f. 1750 i Børsa, Anders f. 1753 i Børsa, Johan Ulric f. 1758 i Åfjord, Ana Fridricha f. 1761 i Åfjord og Richard f. 1764 i Bjørnør.

Familien bodde først i Børsa, på gården Fossum. I 1755 kjøpte faren gården Løvøya i Åfjord, og de flyttet dit. Men allerede i 1763 flyttet familien videre til Bjørnør, hvor faren hadde kjøpt gården Rein. De blir boende i Bjørnør- først på Strand, og så på Hofstad fra 1766. Faren oppgav tidlig sin militære karriere for å drive med jordbruk og skogsbruk. Da han døde stod han likevel oppført som Løytnant. «1786 den 10 octobr. begravet Lieutenant Johan Friderich Paasche 70 aar gl.».

Ane Dorthea ble konfirmert 22. september 1771 i Bjørnør, og i 1786 giftet hun seg med Hans Thune sammesteds: «Den 12 october 1786 copuleret i Huset, efter Kongebrev Sergeant Hans Thune med Jomfrue Anna Dorthea Pasche» . Hennes mann var løytnant i militæret. En gang før 1801 dør han, og Ane Dorthea blir dermed enke. Hun lever i enkestand frem til 1805, da hun gifter seg igjen med Jon Norman:

*«1805 Den 1ste October bestilte Hr. Jon Norman vielse Forretning i Huset paa Gaarden Strand, for sig, Enke Frue Ane Dorthea Sl. Thunes, efterat han til mig Heltberg har leveret Kongel. Bevilling af 9de Septembr d.a. at vies uden foregaaende Lysning, som han ogsaa leverede mig Afkalde (hvoraf kopier findes i Præste Archivet) fra hans første Kones Udarvinger, ligesaa forelagde Hr. Norman Afgl. Lieutenant Thunes og Hustrues reisproqoe Testament af 3de Decbr. 1787, confirmeret d. 7de December 1792. At der i øvrig intet imod Loven er til hindre for dette Ægteskab, derfor cavere vi undertegnede Forlovere.»*

*«1805 D. 3de Octobr. Blev paa Gaarden Strand, efter Kongel.*




*Vallersund gård. Bilde utlånt av Dag Balavoine*

> *Bevilling Copulerede Hr. Jon Normann og Enkefrue Ane Dorthea Sl. Thunes. Forlovere: Hr. Andreas Paasche og Hr. Jens Christian Paasche. Til Skolekassen indkom i Børsen 1 Rd., til Fattigkas: 3 ort, 4 s.» Under vielsen i kirken samlet de inn penger til skolekassen og fattigkassen, hvor det samlet kom inn 1 riksdaler, 3 ort og 4 skilling.*

Jon Norman var fra Vallersund, og Ane Dorthea flyttet nå hit med sin nye mann. Ane Dorthea sin bror Anders var også giftet inn i familien Normann på Vallersund. Vallersund gård ble overtatt av Trondheimsfamilien Normann på slutten av 1700-tallet. Vallersund blomstret, og det ble nå drevet betydelig handelsvirksomhet her. Slekten holdt til på gården helt frem til tidlig på 1900-tallet. Vallersund gård ligger i Bjugn kommune.

Etter at Fru Thune flyttet fra Strand ble det ikke født flere utenomekteskape-ligebarn på Strand på mange år. Fru Thune selv fikk ingen barn. Fru Thune, nå fru Normann, levde ikke så lenge i ektestand. Hun døde i 1806 under dramatiske omstendigheter:

> *1806 «Mandagen den 30te Juni blev i Osens Kirkegaard Gravfæsted: Madamme Ane Dorthea Normann, fød Paasche, der den 19de Juni paa sin Reise fra Valdersund i Familiebesøk til Biørnøer, ved en ulykkelig*



*Druknings-ulykken beskrevet i kirkeboken for Bjørnør*

*hændelse, 50 aar gammel, omkom paa Søen strax uden for Tekelsundet, hvor en kastvind slog Bagseigl og kantrede Baaden. Tilligemed de 2de søevante Roerskarle kom hun strax paa Hvelvet, hvor hun, uden at tale, efter 1 Timers forløb opgav Aanden, maaskee meest af skræk. Den eene Roerskarl Sivert Olsen Strand holdte hende med største Møie i sit Skiød paa Hvælvet, medens stærk Søegang af Sydvest drev Vraget under Roerskarlsens dødelige Angst henimod Kiran, hvor de med Vraget paa et haarbred nærvare stødte an imod forlandet og havde fundet deres visse Grav, hvis ei øiebliklig Rædning fra Kiran ved Erich Jensen (fra Christiansund) hurtige og gode foranstaltning, var kommet til. Liget bragdes til Hongsanden, hvorfra der kom Bud efter mig silde om Aftenen. At menneskelig Raad for Søeliges Behandling blev forsøgt forgieves.»*

Ane Dorthea Thune, koblersken på Strand, fikk således et fryktelig endelikt, og presten som beklaget forholdene på gården har kanskje tenkt at hun fikk som fortjent.

*Bjørn Davidsen:*

# Torvgadekager

Vi fortsetter vår vandring i «Magda Holms kogebog» for å få oss noe «ekte» bergensk smaskens til jul. Denne gangen falt valget på kaker navngitt av byens trolig korteste gate, Torvgaten - midt i sentrum, fra Ole Bulls plass og opp til Vaskerelven. Men om gaten er kort, er kakene desto mer smakfulle. «Man tager derfor»:

5 eggeplommer som vispes med 4 skjeer sukker. Dette røres sammen med krem av 1/4 liter kremfløte. Oppi dette sikter man 3 skjeer mel og rører sammen. Som «krydder» raspes oppi litt sitronskall før man tilsetter det hele en håndfull stødte mandler. Når dette er blandet godt, røres de fem stivpiskede eggehvitene i.

Enkelt og greit, men noen råd med på veien fra «prøvekjøkkenet»: Begynn med å klargjøre de stødte mandlene. Å hakke og støte disse kan ta litt tid. Dessuten kan det kanskje gi bedre resultat om man pisker eggeplommene og sukkeret til eggedosis før man fortsetter. Men derfra til ferdig røre, bør oppskriften være grei.

Så over til steikingen:

Oppskriften angir at det steikes i små, smurte former, alternativt at det steikes «pletter» på bakeplate.

Vi har prøvd begge deler, med både vellykkede og smakfulle varianter.

Her er faktisk mye mulig:

1. Som pletter på bakeplate: Legg 3 x 3 teskjeer med røre på platen og steik midt i ovnen på maks. 175 gr. C. Det tar bortimot 25 minutter å få kakene lysebrune. Problemet er at de mørknes først i kantene. Et annet problem er at de ikke flyter like greit ut til sirkelrunde kaker som fjorårets Strandgadekaker.

2. I små, smurte sandkakeformer av metall eller små muffinsformer av papir: Da trenger de litt lengre steiketid.

3. I store muffinsformer av papir: Dette er også mulig, men de trenger enda lengre steiketid - og blir vel mektige å ta til seg.

Vår anbefaling er faktisk å gjøre som oppskriften angir som hovedregel; bruk små former. Disse kan da fylles helt med røre. La de stå og godgjøre seg på 175 gr. C. til de er brune, og du har verdens beste mini-muffins til jul!

# Torvgadekager.

5 Æggeblommer vispes med 4 Skeer Sukker og røres sammen med 1/4 Liter (1 Pegl) sød, god Fløde, der er pisket til Skum samt 3 Skeer Mel, hvorpaa tilsættes lidt revet Citronskal, 1 Haandfuld stødte Mandler og tilsidst de stivslagne Æggehvider. Røren haves i smaa, smurte Former — eller i Mangel af saadanne lægges de med en Theske paa Plader og steges lysebrune.

